

## **Varm, nykokt og smaksrik middag**

Gerhard Eide utfordrar dei politiske partia når det gjeld middagane som vert servert til bebuarar på institusjonar og andre som får mat av kommunen. For Miljøpartiet Dei Grøne er svaret enkelt; maten som vert servert skal vera fersk, varm, nykokt og smaksrikt. Måltida skal kort og godt vera eit av dei daglege høgdepunkta for bebuarane. Vi ønskjer også at matproduksjonen skal vera kortreist og skje lokalt.

Kan leggja til at Miljøpartiet Dei Grøne ønskjer eit taktskifte i Kvinnherad innanfor eldreomsorg og tilbodet til personar med nedsett funksjonsevne. Dei mange kritiske oppslaga i media dei siste åra, viser at ting diverre har gått i feil retning. Vi treng eit løft for nemnte grupper, og dette vert ei av hovudsakene for Miljøpartiet Dei Grøne når vi om nokre veker tek sete i kommunestyret. Dette er eit av politikkområda vi vil bruka meir pengar på, og ei av årsakene til at vi meiner det er nødvendig å innføra eigedomsskatt i Kvinnherad. Vi vil om mogleg øyremerkja deler av eigedomsskatten for å oppnå eit betre tenestetilbod til eldre, og personar med nedsett funksjonsevne.

For Miljøpartiet Dei Grøne

Knut Førland